


ÆBRYGGJA PÅ EVANGER

THE WHARF AT EVANGER / DER KAI IN EVANGER



N Vassvøri er namnet på det gamle tinglaget som hadde møte- stad i tingstova på Bolstadøyri. Namnet kan vera eit av dei eldste i heile landsdelen. Ein meiner at det opphavlege namnet har vore Varsafjord, «fjorden til vessene», og har vore namnet på fjorden frå Straume og inn til Bolstad, eller så langt som ein kunne fara med båt, til Evanger. Sidan er Vassvøri vorte namnet på heile bygdelaget. Evanger er namnet på tettstaden i øvre enden av vatnet. Eldre namneformer: 1315: Æuonsum, 1468: Æuanghr, 1695: Efuanger, sidan Ævanger og Evanger. Namnet tyder grasvoll der hestar beiter og kviler. Dette viser at her var det byte av transportformer.


GB Vassvøri was the name of the old local "thing" (PARLIAMENT) that met in the "thing house" at Bolstadøyri. The name could be among the oldest in this part of the country. Evanger is the name of the community at the far end of the lake and means "meadow where horses graze and rest". This is evidence that this was a place where people changed from boat to horse and back again. Evanger was the administrative centre of the old municipality of Evanger before it was incorporated into Voss in 1964. Almost all of the old village of Evanger was destroyed by fire in 1923 and the old centre was rebuilt in its present form in the years that followed. This part is now protected. The church, which dates from 1851, survived the fire. The Evanger wharf was built in 1834 by Ole M. Ammundsen Melstvedt at a cost of 280 «spesidaler». When the Evanger lake was ice-free it was the «main road» between Ståi and Evanger. People, animals, post and goods were transported in rowing boats of various sizes. From 1877 to 1882 the steamer «Evanger» provided a regular boat service on the Evanger lake. The river has been focal throughout history, and until recently it was one of the best salmon rivers in Norway. From the 1870s onwards English «salmon lords» were regular visitors to the river, leaving their stamp on fishing and hunting methods.

D Vassvøri ist der Name des alten Gerichtsbezirks, dessen Sitzungen in der alten Tingstube in Bolstadøyri abgehalten wurden. Dieser Name ist wahrscheinlich einer der ältesten in diesem Landesteil. Evanger ist der Name des größeren Dorfes am oberen Ende des Sees. Dieser Name bedeutet Wiese, auf der Pferde grasen und sich ausruhen. Dies zeigt, daß an dieser Stelle früher das Transportmittel gewechselt wurde. Evanger war Verwaltungszentrum der Kommune Evanger, bevor diese 1964 in die Kommune Voss integriert wurde. Fast der gesamte Ortskern fiel 1923 den Flammen zum Opfer, er bekam nach dem folgenden Wiederaufbau das Aussehen, das wir heute noch kennen. Diese «Neustadt» steht heute unter Denkmalschutz. Die Kirche überlebte den Brand und stammt aus dem Jahre 1852. Der Kai in Evanger wurde 1834 von Ole M. Ammundsen Melstvedt erbaut. Kosten: 280 Spesiestaler. Wenn der See Evangervatnet nicht zugefroren war, war dies die Hauptverbindung zwischen Ståi und Evanger. Menschen, Tiere, Post und Güter wurden mit Ruderbooten unterschiedlicher Größe transportiert. In den Jahren 1877 - 1882 verkehrte auf dem See Evangervatnet das Dampfschiff «Evanger». Seit dem Altertum spielt der Fluß eine zentrale Rolle, bis vor kurzem gehörte er zu den besten Lachsflüssen des Landes. Seit den 70er Jahren des letzten Jahrhunderts kamen englische Lachslords an den Fluß. Sie prägen die Fangmethoden nachhaltig.



Evanger før brannen i 1923.

TETTSTADEN, ELVA OG VATNET



Sjøbua før brannen i 1923.

Evanger var adm.senteret i gamle Evanger kommune for kommunesamanslåinga med Voss i 1964. Nesten heile tettstaden brann ned i 1923, og bygdebyen som reiste seg att dei næraste åra, fekk utsjånad som ein ser i «gata». Denne delen har no verne-status. Kyrkja overlevde brannen og er frå 1851. «Evanger Landgangsbrygge Evanger Almending» vart ført opp i 1834 av Ole M

Ammundsen Melstvedt frå Hardanger for 280 spesiedalar. Vossovasdraget har hatt mykje å seia for transport av folk og varer mellom kysten og dei indre bygdene. Likeins har elva vore nytta til tømmerfløyting og vedtransport. I tida Evangervatnet var isfritt var dette hovudvegen mellom Evanger og Ståi. Vinterstid, når det var meinis, vart vegen lagt om Vindeggi.



Laks og fiskarar utanfor Monsahotellet.

FISKE

Elva har vore sentral frå dei eldste tider. Laksfisket i Evangerelva er nemnt i fleire av breva i Diplomatarium Norvegicum frå 1400-talet, og var til nyleg ei av dei beste lakselvane i Noreg. Engelske lakselordar inntok elva frå 1870-åra og sette med det sitt preg på fiske- og fangstmetodar. Grunneigarane fekk etter kvart råderetten over fiskerettene attende, og elva har hatt stort

økonomisk verdi for dei. I siste tiåret har det gått dramatisk nedover med fisket, noko som skuldast eit komplekst samspel mellom flaumreguleringsarbeid, sur nedbør, fiskeoppdrettsnæringa og effektivt havfiske etter laks. I Evangervatnet har fiske etter aure og laks vore viktig for dei gardane som har rettar der.


POSTEN



Patentbrev til postfører.


Danskekongen Fredrik V sende i 1758 ut «Anordning Anlangende Forandring og bedre Indretning ved Postvæsenet i Norge». Bryneld Olsen Horvej var tilsett som Postkarl i 1820 ved Horvej Poststation. Ruta hans var frå Skorve på Evanger, over Evangervatnet til Ståi, vidare ned til Bolstadøyri, og frå bryggja og ut fjorden til Tyssø. Han skulle ikkje bruka meir enn 1 1/2 time pr. mil på godt føre og opp til 2 timar pr. mil på slett føre. Når det var meinis, var det naudsynt å ha ein is-piggstav til å prøva isen med. Elles kunne han gå den gamle postvegen om Bjørge og Vindeggi til Evanger. Denne postruta vart nytta fram til ca. 1877 då Bolstadøren Postabneri vart oppretta på Øyri.

FERDSEL



Skysprivilegium.

VI CHRISTIAN DEN SYVENDE: AF GUDS NAADE KONGE TIL DANMARK OG NORGE GIOR ALLE VITTERLIGT AT VI EFFTER ALLERUNDER-DANIGST GIORDE ANSOGNING OG OS ELSKELIG JØRGEN ERICH SCHEEL, VORES STIFFT-BEFALINGSMAND OVER BERGENS STIFFT OG AMTMAND OVER DET SØNDRE BERGENHUSISKE AMT I VOR RIGE NORGE HANS DEROVER GIVNE BETÆNKNING OG GIORTE FORSLAG, VED VORES RESOLUTION AF DENNE DAGS DATO, ALLERNAADIGST HAVE BEVILGET OG LILLADT, LIGESOM VI OG ALLERNAADIGST HERMED BEVILGE OG TILLADE, AT OPSIDDERNE PAA GAARDENE WASENDEN, HORVEJ OG RONGEN, SAMT HUSMANDEN PHILIP LARSEN ØREVIIG UDI WOSSE (FOGDERIE).



OVANNEMNDE skulle «forrette den Behørende Transport til Vand op over Evangersvandet og nedigjennem Elven, samt til Lands, fra Wasenden til Bolstadøren, og fra Bolstadøren opad til Wasende» Eigarane av Evanger Giestgiveri hadde privilegium på transporten «ned over bemi^e Evanger Vand».

- (a) For Transporten op over Evanger Vandet, med Færg og een Mand, naar den paa Stedet Evanger forbermede Privilligered ei er der, for at tage Retour, saasom: for en Klov Fiire Skilling, men føres flere end een Klov paa eengang, da for hver Toe Skilling.
- (b) For en enkelt Person eller 4te Personer, som paa eengang føres over Vandet Fiire Skilling, men er der flere end 4 personer, da for hver Person Een skilling.

BÅTANE I EVANGERVATNET


Den vanlege båten i Evangervatnet var færingen som hadde to par årer. Han kunne soleis roast av to mann, og dette vart mykje brukt i kyrkjebåtane. Men til vanleg var det berre ein som rodde færingen. Det var og noko som vart kalla «store-båtar». Desse var større enn færingen og vart rodde av fire mann. Dei var so breie at to mann kunne sitja ved sida av einannan på same tofta og ro kvar si åre. Desse båtarne vart nytta til dyretransport, høvføring og transport av tyngre varer. Dei fleste båtarne vart kjøpte i Hardanger, helst frå Strandebarm. Det vart og bygd båtar her i bygdene. Båtbyggjarar frå Hardanger og Fjordane bygde båtar etter tinging her på staden. Tingarane måtte syta for å ha utvalde båtmaterialar til bygginga.

Då Vossebana var under bygging, måtte ein transportera både folk og materiell. Ein ingeniør og entreprenør som heitte N. H. Bruun fekk fleire med seg til å kontrahera ein liten dampbåt på vel 41 fot (OMLAG 12 1/2 M) og med ein maskin på 5 HK ved Bergens mekaniske Værksted «for fart paa Evangervandet.» Båten som fekk namnet «Evanger», gjekk av stabelen jonsokvelden 1877. Dagen etter kunne ein lesa i «Bergensposten»:



Kyrkjebåtar på Evangervatnet.

«Fartøiet løb af Stabelen med Dampen oppe og det skal være første Gangen at saadant er skeet hos os.» Båten var til stor glede for Bolstadfolket. Ikkje minst korta den ned tida på kyrkjereisa til Evanger. «Evanger» vart nytta til å transportera



D/S «Evanger».

anleggsløkomotivet «Sjøånden» frå Hjørnevik til Evanger.

Fartstida på Evangervatnet vart ikkje lang for «Evanger». Etter vel to år kunne ein lesa: «Efter Begjæring af Bestyrelsen for Dampbaad «Evanger» afholdes Auktion 18. November 1879 paa Bolstadøren over Dampbaad «Evanger» beliggende paa Evangervandet. Konditioner hos Gerth N. Jæger.» «Evanger» vart kjøpt av ovannemnde Jæger som sette den i trafikk på Evangervatnet i korrespondanse med «Voss» og «Arne» som gjekk i trafikk mellom Bolstadøyri og Bergen. Frå hausten 1882 sette Jæger «Evanger» inn i rutetrafikk mellom Bergen og Askoy.

EVANGER BRU

Evanger bru vart ferdig i 1887 og kosta kr. 24.035. Brua som vart nytta i dag bygde BKK i 1966.



VIS RESPEKT OG OMTANKE FOR DEI VERNA VERDIANE; VÅR FELLIS KULTURARV.
HORDALAND FYLKEKOMMUNE, VOSS KOMMUNE



Redaksjon: Vassvøri Sogelag, Kulturlandskapsenteret, Hordaland fylkeskommune.
Støttet av: Riksantikvaren, Landslaget for lokalhistorie, Kulturskissejonen, Hordaland fylkeskommune
Grafisk forarbeid: Kari Geir Gosen.
Kart: Sverre Mo